

## TIL GODMOR

(Petrine Berntsdt. Ulla f. Haram)

Å, tenk at Ulla-godmor no er femogåtti år,  
det er i grunnen meiningslaust kor denne tida går.  
Me tykkjer at det er 'kje lenge sidan me var små  
og sprang ikring i stova her i leik frå krå til krå.  
Men dagane og åra, ja, dei renn så fort i veg,  
så ein er vorten gamal før ein rett fær sanse seg.

Dei mange gilde stunder me har havt i stova her,  
me freistar no å kalla fram att i frå alle krær.  
Kvar høgtidshelg då særleg når dei Åkre kom hit nord,  
var jubelen i storestova alltid ekstra stor.  
Og sjølv som leiken ofte vart i meste laget vill  
dei gamle let som ingenting og let det alt stå til.

Der burte mellom sengene der var så trygg ei krå,  
når ofte me med gøym-og-leite skulde halda på.  
Og i kommoden var det julekort i hundardtal,  
og burt i kråa stod ein gamal, velfylt pidestall,  
der skuffene var overfylt med mykje fint og rart  
som me såg om og om i gjen og aldri leide vart.

Det gjer så godt å tenkja på dei gilde barneår,  
han godfar og ho godmor midt i minnekrinsen står,  
Dei var så ofte midtpunkt i vårt barndomsparadis,  
var leikekameratar meir enn tuktarar med ris.  
Om me fer ut i verda vid og reiser kvar vår leid,  
me minnest gamle godmor vår og alt i Ingelei.

*Haramsøy 2. juli 1946*

*Johan Bernt Ulla*